



Årstein Eik frå Uskedalen er ein av mange som skriv høyringsuttale til Nasjonal ramme for vindkraft på land.

**Meir enn 50 personar, lag og organisasjonar frå og med tilknytning til Uskedalen har skrive høyringsuttale til Samla plan for vindkraft på land. Alle fråsegnene uttrykker eit massivt nei til vindmøller i fjella kring Uskedalen og i Kvinnherad. Årstein Eik frå Kjærland, men bur på Sunde, er ein av mange som argumenterer godt og finn gode faglege grunnar for å sei nei til vindkraft i fjellområda våre.**

Årstein Eik skriv at allemannsretten og jamleg bruk gjer at mange føler fjella som vår felleseige. Her er plass til alle, - og ein stad å leggja av seg kvardagslege suter og plikter. Han skriv vidare:

*Gjennom kontakt med SFT/Miljødirektoratet i yrkesaktive år, var inntrykket mitt at styresmaktene gjorde det dei kunne for å ivareta natur og sikra fellesskapet sine interesser. Denne praksisen ser ikkje ut til å gjelda utbygging av vindkraft. Mange fjellområde er i dag skilta. Også i Kvinnherad har sherpaer vore engasjert med å byggja trapper for m.a. å hindra at sårbar natur skal få unødig slitasje. Når det gjeld vindkraft, vert vern om natur og dyreliv mest ikkje vektlagt.*

*Gjennom utvikling av norsk vasskraft og oljeindustri, gjorde styresmaktene grep for å sikra norsk eigarskap og gevinst attende til fellesskapet. I vindkraftutbygginga vert utanlandske interesser i stor grad sitjande att med kontroll og eigarskap. Fellesskapet får auka straumutgifter og eit dårlegare livsmiljø.*

Årstein Eik og mange andre frå Uskedalen skriv at ei betre løysing enn vindkraft er å ta ut potensialet som ligg i oppgradering og fornying av eksisterande vasskraftressursar. Det skurrar kraftig at vilkåra her ikkje er like gode som for vindkrafta. Eit mogleg energioverskot må, så langt råd, nyttast for å sikra og skapa arbeidsplassar i eige land.



Steinaheianene, eit naturminne tilbake til istida, er eit sårbart område om det skulle koma vindmøller i Uskedalsfjella.

Av dei over 50 fråsegnene frå Uskedalen finn vi høyringar frå ulike grupper:

- Individuelle svar, av dei eit tital frå born og ungdom
- Frå grunneigar
- Frå utmarkslag
- Frå Uskedal Musikklag og Uskedal Idrettslag
- Frå Kvinnherad Turlag og DNT ung med base i Uskedalen

Høyringsfristen er i dag, 1. oktober, noko som til vanleg vil sei at høyringsuttalane må vera sende innan utgangen av dagen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Mannsvatn og Hauglandsfjellet med Ulvanoso i bakgrunnen.